


# Årsrapport 2014



**Gudbrandsdalsmusea**

**Gudbrandsdalsmusea AS (GDM) er regionmuseum for Gudbrandsdalen. Vi er ein driftsorganisasjon som er eigd av dei 9 kommunane saman med eigarselskapa for dei ulike avdelingane. Våre avdelingar i alle 9 kommunane er:**

<b>Skjåk</b>	Opplandsarkivet, arkivleiar Stein Grjotheim
<b>Lom</b>	Norsk Fjellmuseum, Lom Bygdamuseum og Stavkyrkjesenteret, avdelingsleiar Thea Grobstok Dalen
<b>Vågå</b>	Jutulheimen Bygdemuseum, avdelingsleiar Elisabeth Holshagen og Opplandsarkivet med folkemusikkarkiv, arkivleiar Tor Stallvik
<b>Lesja</b>	Lesja Bygdemuseum, avdelingsleiar Benedicte F Furulund
<b>Dovre</b>	Opplandsarkivet, arkivleiar Ola Tovmo, Einbustugu avdelingsleiar Ola Tovmo, Bygningsvern avdeling Hjerleid, Håvard Syse
<b>Sel</b>	Bergverkssenter, avdelingsleiar Kjell R Voldheim, og felleskontor/ adm. adresse for selskapet.
<b>Nord-Fron</b>	Gudbrandsdal Krigsminnesamling, avdelingsleiar Per Gunnar Hagelien
<b>Sør-Fron</b>	Dale-Gudbrands gard: Pilegrimssenter, Oppland fylkes tusenårsstad, Gardsbutikk, avdelingsleiar Hundorp Per Gunnar Hagelien, og Opplandsarkivet/folkemusikkarkiv, arkivleiar Erik Bjørke
<b>Ringebru</b>	Stavkyrkjeutstillinga i Ringebru Prestegard, avdelingsleiar Per Gunnar Hagelien

I tillegg har vi regionale stillingar med ansvar for

<b>marknadsføring/heimeside</b>	Benedicte F Furulund, kontor Lesja
<b>samlingsforvaltning</b>	Søren Hald, kontor Lom
<b>skuleformidling</b>	Elisabeth Holshagen, kontor Vågå
<b>arkeolog</b>	Gunhild H Hansen, kontor Lesja
<b>byggningsvern rådgevar</b>	Håvard Syse, kontor Dovre
<b>industriregistrator</b>	Kjell R Voldheim, kontor Otta
<b>direktør</b>	Torveig Dahl, kontor Hundorp

For oversyn over alle tilsette i 2014, sjå siste bolc: Personale.

Vi jobbar med den historiske dimensjonen i samfunnsutviklinga i Gudbrandsdalen, med natur- og kulturhistorie, med materiell og immateriell kulturarv. Vi dokumenterer, samlar, forvaltar, forskar og formidlar og er ein regional utviklingsaktør i vårt geografiske område.

*Vi inspirerer samtid og framtid.*

#### **1 Hovudmål for musea "jf. Prop. 1 2013-2014"**

- 1) **Fornyning.** *Musea skal vera profesjonelle og aktuelle institusjonar og ha ei aktiv samfunnsrolle med planar og strategiar for fagleg utvikling og nytenking innan forvaltning, forskning og formidling.*
- 2) **Forvaltning.** *Samlingane for musea skal tryggjast og takast best mogeleg vare på for ettertida og gjerast tilgjengeleg gjennom god sikring og bevaring, dokumentasjon, prioritering og koordinering.*
- 3) **Forsking.** *Forsking og kunnskapsutvikling er eit naudsynt fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling, og skal utviklast ved auka forskingssamarbeid mellom musea og mellom museum og forskingsmiljø.*
- 4) **Formidling.** *Musea skal nå alle med kunnskap og oppleving, gjennom målretta tilrettelegging og aktuell, kritisk og nyskapande formidling som fremjar innsikt og refleksjon."*

## 1 Overordna mål

### 1.1 Strategiske mål for 2011-2015

Gudbrandsdalsmusea har ein strategisk plan for perioden 2011-2015 som har vore lagt til grunn for arbeidet i denne perioden. På slutten av 2014 hadde vi ei samling med styret, vararepresentantar og dei tilsette der vi drøfta gjeldande strategisk plan og arbeidet med revidert plan som skal gjerast i 2015.

Gjeldande strategisk plan er eit grunn-dokument som formulerer godt museet sine opp-gåver og utfordringar. Mykje har endra seg på desse åra, vi har langt på veg gjennomført den verkelege konsolideringa for regionmuseet.

### 1.2 Delmål for 2014

Gudbrandsdalsmusea har årlege tiltaksplanar som blir utarbeidd av dei tilsette om hausten saman med budsjett, handsama førebels i styret, sendt på høyring åt eigarane med frist medio januar. Så blir innspela innarbeidd og justert, og adm. legg fram endeleg utkast til vedtak i styret i 1. møtet på nyåret.

Tiltaksplanane er avdelingsvise, viser kven som er ansvarleg i stab, samarbeidspartar i stab og eksterne samt andre kommentarar. Det er også det same for overgripande tiltak. Planen blir oppjustert gjennom året etter kvart som tiltak blir gjennom-ført. Oppjustert tiltaksplan for 2014 ligg som ved-legg 1.

## 2 Generell årsrapport

### 2.1 Fornyng, samfunnsoppdrag

#### Felles administrasjon,

Gudbrandsdalsmusea var i 2014 med på mange større og mindre utviklingsprosjekt initiert av andre aktørar i Oppland. Desse høyrer ikkje direkte inn under avdelingane:

Kulturvegen/Gudbrandsdals-vegen, Mam-mutdalen/Ringebu, Weidemannssamling/utvikling av drifta i Ringebu prestegard, konsulent for ombygging av vognskjul/Ringebu prestegard, Galleri Morten Krogvold/Vågå, redaksjon for Christine Storm Munchs kokebok/Vågå, Munchruta/Vågå, ferdigstilling av boka Utvegar til vatn (gjeven ut på museet sitt forlag april 2014), Opplandsarkiv midt-dalen, Vinkprosjekt Espedalen/utstillingskonsulent Skåbu-tunet, Vinkprosjekt Dovrefjell, Kompetanse-meklingprosjekt Bånskardet/Ringebu, forprosjekt nye utstillingar Norsk Fjellmuseum, Sagflaten/Vågå, Sel, Forprosjekt digital sikring av folkemusikkarkiv, 1814-arrangement rundt i Oppland, bygningshist-orisk park/Dovre, utvikling av Hjerleid, næming-ordning m.fl/ Dovre, rev. ordning Einbuformidling/ Dovre, kulturhistorisk arbeid med vasskraft/Skjåk, Skodalsåa/Sør-Fron, intervjuprosjekt saman med Hi Volda/NIFS om etterverknadene av flaumen i Fron, Dokumentasjon E6, kunstprosjekt Sør-Fron m.fl. Desse er i hovudsak i regi av direktøren, og andre i staben er involverte der det er relevant.

Det er drøfta med styret at vi ikkje kan gå inn på fast drift i nye prosjekt utan at dette er teke opp på prinsipielt nivå med eigarane.

Det kan virke som om det er mange i kommunane som ynskjer at museet skal utvide vår verksemd i andre verne/formidlingsoppgåver.

#### Marknadsføring

Gudbrandsdalsmusea har i 2014 ferdigstilt ny profil og lansert ny heimeside. På heimesidene hadde vi 28 963 sidetilvisingar i 2014 og 4 135 brukarar.

Den nye profilen er utforma med tanke på å gje museet eit heilskapleg uttrykk retta mot publikum, samstundes som det internt skal styrke samhald og oppfatninga av museet som ein heilskap, noko som har vore ei utfordring i eit konsolidert museum der ulike avdelingar har hatt tydelege eigne uttrykk.

Den nye profilen tek vare på kvar enkelt avdeling, samstundes som det er eit fellesuttrykk. Profilen er gjennomgåande og inkluderer kontor-materiell, heimeside, malar, informasjonsmateriell og liknande.

Med ny profil skulle det og lagast ei heilt ny heimeside, som skulle vere meir brukarvenleg for tilsette og publikum. Heimesida er basert på det nye grafiske uttrykket, og syner tydeleg fram at Gudbrandsdalsmusea er *eitt* museum, samstundes som kvar enkelt avdeling har moglegheit for å uttrykke seg gjennom eigne avdelingssider.

For publikum var målet at sida skulle være enkel, oversiktleg og brukarvenleg. Heimesida skal være museet sin framste formidlingskanal ut mot publikum. Sida vart i 2014 lansert på norsk, og etter ein prøveperiode skal brukarvenlegheita vurderast og enkelte element kan bli justert. Museet har og ei oppegåande side på Facebook, som blir oppdatert oftare, og der vi har ein meir open dialog.

### **Avdeling 1b Otta bergverksenter**

Utstillinga i Otta bergverksenter lokalisert saman med Sel folkebibliotek er prega av alder og utdatert utstillingsteknologi. Hausten 2014 hadde vi ei evaluering saman med biblioteksjefen. Arbeid med å revidere og oppdatere utstillinga er planlagt, og arbeidet vil kome i gang våren 2015.

### **Avdeling 2 Lom Bygdamuseum og Lom Stavkyrkjesenter**

Kunstig vatning har i årtusen vore eit viktig grunnlag for busetnad og samfunnsutvikling for mange, men her i Noreg er Lom ein av dei stadene som er mest kjent for dei lange tradisjonane med å føre vatnet langt for åkervatning. Ved Lom Bygdamuseum vart det i 2014 sett i gang arbeid med eit nytt visningsanlegg for vatning.

Dette skal innehalde ein vassveg med ut-hola tømmerstokkar, ein dam, sittegrupper, leikeplass og informasjon om korleis anlegget fungerer. Formidling av vatningskultur er ein sentral del av museet si verksemd. Vi vil med dette anlegget syne fram korleis systemet var bygd opp, og vi kan demonstrere dei gamle vatningsmåtene. Dette arbeidet held fram i 2015.

Lom bygdamuseum jobbar kontinuerlig for å bli ein relevant kulturaktør og vera ein inkluderande møteplass i lokalsamfunnet. Gjennom sommaraktivitetar, skuleopplegg, turar, utstillingar og arrangement har museet hatt som mål å formidle kunnskap om lokale kulturuttrykk og skikkar.

### **Avdeling 2 Lesja bygdemuseum (LBM)**

starta opp og gjennomførte i 2014 fleire prosjekt som eit ledd i ein prosess for å profesjonalisere museumsarbeidet i Lesja.

I 2014 starta bygginga av det som skal bli

kontor, inngang/resepsjon, butikk og magasin for museet. Byggherre er Lesja kommune, og finansieringa er gjort gjennom Lesja kommune og Oppland fylkeskommune. Gudbrandsdalsmusea er leigetakar, og styret har inngått ein intensjonsavtale i 2014.

Med bygget, som ligg i direkte tilknytning til museumsområdet, vil vi få eit betre og meir forsvarlege magasin, inkl. spesialmagasin for både foto og tekstil. Vi flyttar inn i eigne kontor i nybygget og opnar for heilårig museumsdrift. Det vil gje ei større utnytting av området også vinterstid. Avdelinga er i dag open for publikum berre om sommaren.

Ei meir profesjonalisert drift opnar og opp for nye målgrupper. Museet har i 2014 vore med i eit prosjekt der næringsdrivande og kommuneadministrasjonen i Lesja og Dovre arbeider saman for å utvikle ulike tilbod og aktivitetar til cruiseturistane som går i land i Åndalsnes.

### **Avdeling 4 Jutulheimen bygdamuseum**

I 2014 vart det vedteke å flytte scena (Blessomstallen) frå amfiet og inn på tunet i Jutulheimen, med ryggen mot vegen. Dette ei stor endring i tunet i seg sjølv og i bruk av scena. Målet er at ho skal kunne bli meir brukt og kome betre til nytte inne på tunet enn der ho stod før.

Arbeidet med flyttinga og oppsettinga kom i gang hausten 2014, og Vågå Historielag står for arbeidet. På denne måten er nå tunet "tetta" med tanke på tradisjonell utforming av inntunet. Det er ønskjeleg å kunne bruke scena ved formidling, konsertar og å drive med andre aktivitetar som t.d. enkelte handverk (under tak). Arbeidet med oppsettinga held fram i 2015.

Jutulheimen bygdamuseum arbeider jamt med å bli ein inkluderande møtestad for alle og ein synleg kulturaktør i lokalsamfunnet. I 2014 har det vore tettare kontakt mellom Jutulheimen bygdamuseum og ulike lokale aktørar. Det har vore varierte aktivitetar som har møtt ulike aldersgrupper, interessegrupper og folk med ulik kulturell bakgrunn.

Vi har vore samarbeidspart under Aktiv sommarferie i regi av Vågå kommune som ein del av integreringsarbeidet i Vågå. Vi har hatt samarbeid med Vågå demensforeining, norskkopplæringa i Vågå, Vågå seniordans, Vågå husflidslag, vaksenopplæringa i Vågå, barnehagar og Vågåmo skule.

Museumskonsulenten har vore til hjelp for lokalsamfunnet i registreringsarbeidet/kartlegginga Instituttet for bunad og folkedrakt er i gang med i Gudbrandsdalen.

Direktøren er med i to utviklingsprosjekt knytt til Ullinsvin/Vågå med stor relevans for museet: Ho er redaktør i ei nemnd som skal gje ut "Christine Storm Munchs kokebok" (arbeidstittel) og i ei forprosjektgruppe for å etablere Morten Krogvold-galleri i låven.

Vågå kommune ynskjer å utvide eigne biblioteklokale med våre kontorareal i Gamlebanken. Det er ynskje om å flytte våre kontor til sokkeletasjen under fjøset i Ullinsvin saman med ev. andre aktørar. Her vil museet få heilt andre utviklingsmogelegheiter og lettare samordning med vårt arbeid i Jutulheimen.

### **Avdeling 5A Opplandsarkivet Skjåk**

Arkivet i Skjåk skal vere ein viktig aktør i lokalsamfunnet. Dette er gjort ved å ha kontakt med brukarar på ulike nivå og i ulike samanhengar: Vi

har hatt kontakt med skular, interesserte smågrupper og enkeltpersonar og gjennomført presentasjonar av innsamla materiale og kurs med tema av historisk karakter. Ved kontakt med brukarar av kjeldestoff har vi informert dei om kjeldekritikk og val av kjelder som er tilpassa den enkelte brukar sitt behov. Lag og organisasjonar har søkt i arkiva for å lage jubileumsskrifter og årlege publikasjonar

Vi ser det og som viktig å vise til arkivmateriale og digitaliserte kjelder i andre institusjonar og via heimesider til Skjåk kommune, Skjåk folkebibliotek og Skjåk historielag.

I 2014 har vi inngått eit samarbeid med Skjåkheimen om utstillingar av fotomateriale til glede for bebuarane og besøkande der. Det er og satt i gang digitalisering av gamle lydbandopptak. Dette er både folke-musikk, samtalar og radioopptak av ulike karakter.

Vår primære oppgåve er innsamling av ulike typar arkivmateriale. Til no har det vore arkiv frå verksemdar, privatarkiv, gardsarkiv, lag og organisasjonar og historiske bilete. Dessutan har vi lagt vekt på formidling, ivaretaking og sikring.

#### **Avdeling 5B Opplandsarkivet Dombås**

Arkivavdelinga er eit viktig knutepunkt i samband med det lokalhistoriske arbeidet i Dovre og Lesja, og samarbeidspartnar med historielag og andre aktørar innan bevaring av lokalhistorisk materiale.

Avdelinga har arkivleiar i 50 % stilling, og nært samarbeid med Dovre folkebibliotek som det deler lokalar med på Dombås. Lokalet ligg svært sentralt på Dombås. Det er på bakkeplan og lett tilgjengeleg for alle brukargrupper.

#### **Avdeling 5C Opplandsarkivet Vågå**

Vi har vore ein ressursbank for lokalhistorie, -kultur og -verksemd frå nær og fjern fortid. Gjennom dokumentasjon har oppdraget vårt vore å gje dagens generasjon viktig og nyttig kunnskap som reisebagasje inn i framtida. I samlingane våre kunne brukarane av arkivet finne korleis den immaterielle kulturarven har forma det samfunnet vi har i dag, korleis ressursane har vore forvalta og impulsar utanfrå har sett rot i det lokale bygdemiljøet.

Vi har samla, katalogisert, registrert og formidla kunnskapen om lokalsamfunnet. Alt primærkjeldemateriale har på sin måte fortald korleis folk har samhandla og bygd sosiale nettverk. Lag og foreiningar har dokumentert sine aktivitetar, forretningar og næringar har dokumentert si verksemd, enkeltpersonar har skrive og motteke brev, samla sine arkiv frå levd liv.

Ved sida av det skriftlege materialet har foto, ljusbilete, lydopptak og film supplert kjennskapen til bygda og regionen i eldre og nyare tid. Samla har dette kjeldematerialet vist oss limet som bind lokalsamfunna saman og fyller biletet ein finn i dei offisielle kjeldene.

Fleire målgrupper har søkt til arkivet, dei fleste er godt vaksne menneske i nærmiljøet som er opptekne av lokalhistorie generelt og slektsgranskning spesielt. Lagsfolk har søkt i arkiva for å lage jubileumsskrifter og årlege publikasjonar. Forskarar har funne interessant kjeldetilfang i sitt arbeide. Folk frå andre kantar av landet og også frå utlandet har søkt arkivet både fysisk og gjennom digitale kanalar.

Vi har bygd nettverk mellom dei andre avdelingane i Opplandsarkivet, med lokale bibliotek, historielag og andre frivillige lag. Gjennom

ASTA har vi delt informasjon med andre arkiv, private som offisielle.

#### **Avdeling 5D Folkemusikkarkivet norddalen**

Vi har samla lydopptak, notar og video frå det vide folkemusikkfeltet, og vi har gjeve opplysningar om kjelder og heimelsmenn.

Målgruppene har vore folkemusikarar, dansarar og songarar, både for eigenutvikling og til bruk i miljøa.

Vi har vore knytt opp mot dataprogrammet FIOL, men det har ikkje vore registrert ny tilvekst det siste året.

#### **Avdeling 5E Folkemusikkarkivet midt/sørdalen**

I samarbeid med folkemusikkmiljøet har folkemusikkarkivet produsert og formidla ein dobbel CD med nykomponert tradisjonsmusikk frå Gudbrandsdalen. Resultatet vart 38 nummer fordelt på 35 komponistar. Totalt 102 spelmenn har vore med i prosjektet. Vi har sett det som viktig også å få fram nyare folkemusikk frå vår eiga samtid.

#### **Avdeling 6. Ringeby Stavkirkeutstilling**

Avdelinga har i samarbeid med Stiftelsen Ringeby Prestegard formidla relevante tema og ei utstilling i samband med den kulturelle skulesekken. Utstillinga når eit breitt publikum, men i hovudsak born og unge.

GDM har vore med på samarbeidsprosjekt med stiftinga og Ringeby Kommune. Gjennom tiltaksplan har det vore arbeid med fornying av utstillinga, men pga. ressursmangel er ikkje dette ferdigstilt. Arbeidet vil fortsetja i 2015. Utstillinga hadde i 2014 har ein oppgang i talet på besøkande. I 2014 hadde utstillinga 5 000 besøkande, der over halvparten var born og unge.

Direktøren har vore med i ei forprosjektgruppe for å utvikle kunstgalleriet som galleri og kulturbedrift. Direktøren har og vore med som rådgjevar i høve tilrettelegging av vognskjul for nye funksjonar og opprusting av heile bygningen.

Det er fast 10 % stilling i kombinasjon avdelingsleiar, som og er senterleiar for Pilegrims-senteret, direktøren og samlingsansvarleg.

#### **Avdeling 7 Gudbrandsdal Krigsminnesamling**

Avdelinga har i 2014 hatt skuleformidling, registrering, samlingsplan og utvikling som hovud-prioritet. Vi har rydda og innreidd magasinet på ein meir forsvarleg måte for gjenstandane.

Gjennom arbeidet med registrering av samlingane har vi avdekkja mykje spanande historie. Ein full gjennomgang har og brakt fram eit stort behov for å revidere/gå gjennom dei juridiske avtalane kring innlånte gjenstandar saman med eigarane av samlinga. Vi har fått løyve frå Politiet til å oppbevare våpen i samsvar med lovverket.

I 2014 har vi delar av året hatt ein praksisplass for registrering av samlingane i samarbeid med NAV. Dette gjekk over i eit engasjement av same person ut året. Dette har gjort det store arbeidet med samlingane mogeleg.

Vi har utarbeidd tiltaks- og handlingsplan for å fornye samlinga. Gjennom dette ser ein og på ei utviding av samlinga og fornying av utstillinga. Plan for istandsetting av 2. etasje er starta opp. Dette må gjerast i godt samarbeid med eigarane av samlinga og finansierast av desse.

I 2014 hadde Gudbrandsdal Krigsminnesamling vel 600 besøkande, der vel 130 var born og unge.

Det er fast 10 % avdelingsleiar dekkja inn av senterleiar for Pilegrimsleden, kombinert med registrator i 60 % stilling, samlingsansvarleg og direktør.

#### **Avdeling 8 Pilegrimssenter Dale-Gudbrand**

Avdelinga har som ein del av pilegrimssatsinga eit mandat gjeve gjennom tildelingsbrev frå NPS. Ein syner difor til eigen rapport.

#### **Avdeling 9 Bygningsvernrådsgjevar**

Nye samarbeidspartar, nye måtar å samarbeide på og meir deling av kunnskap er stikkord for vårt arbeid i museet sitt nedslagsfelt. Dette er og gjort saman med dei andre bygningsvernrådsgjevarane og Oppland fylkeskommune. Vi prioriterer brukarar av tenesta, private eigarar og handverkerar. Arbeid utover rådgjeving (eitt dagsverk) er potensielt fakturerbart.

##### *Gjennomført rådgjeving og arbeid:*

- Fagleg og praktisk støtte i bygging av eitt av fjøsa på ein gard i Vågå vart planlagt i 2014. Utgangspunktet er tradisjonelt sleppverk-konstruksjon med materialar frå eigen gardsskog og bygging på garden.

- Fjøs nr 2 på same gard vart bygt i løpet av året. Delteke på byggemøte og etter behov som lokal kontakt for spørsmål som vedkjem forvaltning (fylkeskommunen).

- Fagleg og praktisk støtte i bygging av grindhus, tradisjonell konstruksjon.

- Delteke på kurs i nevertekking på Budsjord, to taktekt på tradisjonell måte.

- Synfaring og rådgjeving i SMIL-saker i alle kommunane våre. Det er litt varierende praksis om representant frå kommunen er med eller ikkje. Ein

SMIL-søknad er ofte fyrste steget inn i restaureringsprosjekt.

- Med vår rådgjeving får dei kjennskap til andre finansieringskjelder slik som Kulturminnefondet. SMIL er den enkle vegen inn på grunn av lokal tilknytning og god kjennskap til ordninga.

- Kulturminnefondet har vore meir synlege lokalt i år, både ved årets tildeling og ved møter. Lesja har hatt relativt få søknadar, men eit møte mellom fondet, kommunen, musea og befolkninga har resultert i fleire søknadar.

Dette stadfestar behovet for lokal tilknytning og kjennskap.

#### **Avdeling 10. Norsk Fjellmuseum**

Norsk Fjellmuseum avslutta forprosjektet for nye utstillingar og publikumsareal tidleg i 2014, og har brukt ein del tid på å finne ut korleis ein skal vidareføre dette. Hausten 2014 tilsette museet ein prosjektleiar for å ta fatt på oppgåvene, og dette arbeidet er nå organisert om att. Det har vore arbeidd med finansiering, presentasjon av planane og forankring.

Museet hadde 2 masterstudentar frå NTNU i praksis her hausten 2014. Dei studerer kulturminneforvaltning, og vart med på å plukke ned og registrere mykje av den opphavslege utstillinga vi har hatt her. Det vart god praksis for dei og veldig nyttig for oss.

Arbeidet med nye utstillingar og publikumsarealet blir svært sentralt for museet dei 3 neste åra, fram til vi truleg kan stå ferdige med det meste innan 2017.

Ombygging og tilrettelegging av kontoravdelinga og nye arbeidsplassar på Norsk Fjellmuseum vart fullført på nyåret 2014. Vi fekk endeleg på plass fibertilnytning for alle. Det førte til



heilt andre moglegheiter for oss når det gjeld arbeid over nettet, noko vi har slitt litt med her. Vi fekk og gjort ei oppgradering av parkeringsarealet, samt ein del andre mindre tiltak.

**Avdeling 11 Gardsbutikk Dale-Gudbrands Gard**  
Gardsbutikken/Tusenårsstaden har i 2014 hatt fokus på formidling og sikring av kulturhistoriske verdier på Tusenårsstaden, profilering og sal av lokale produkt inkl. lokalhistorisk litteratur, og det daglege opne tilbodet til alle som kjem innom. Utstillinga om arkeologiske utgravningar og ny E6 var det stor interesse for, der drøftinga av vegen og dalen gjennom tidene var eit tilbakevendande tema ved besøka.

Talet på besøkande hadde i 2014 ei lita auke, og ein ser at interessa for Tusenårsstaden er til stades, men mange går utanom garden for å sjå på den markante Olavshaugen. Totalt besøk kom opp i underkant av 2000, der 10 % var born og unge.

Bemanning: Avdelingsleiar for gardsbutikken er senterleiar for Pilegrimssenteret, sommar-tilsett og andre med kontor i bygningen.

### **Regional arkeolog**

Regional arkeolog skal i samarbeid med museet sine andre tilsette og lokale og regionale krefter forvalte og formidle kulturarven vår på best mogleg vis. Regional arkeolog har i 2014 hatt eit godt samarbeid med både lokal og regional forvaltning i form av kommunar og fylkeskommunen. Det har og vore godt samarbeid med lokale foreiningar.

Vi har etablert eit samarbeid med Lesja kommune der dei årleg kjøper tenester (30-40 %) av museet. Dette har vore ei god gjensidig ordning.

Nytt i 2014 var ferdigstilling av prosjektet verdiskaping villrein/tilrettelegging av fagleg arbeid med fangstanlegg og villrein i Bånskardet saman med Venabu Fjellhotell 5. juli. Vi hadde miniseminar på Venabu og vandring til fangsanlegget med Lars Tvetter som kjentmann saman med arkeolog, ca 50 var med.

Vi mottok på hausten samla rapportar frå Kulturhistorisk Museum/Universitetet i Oslo om utgravningane i Fron 2011-13. Dette vil vi arkivere og bruke til utviklingsarbeid vidare.

## **2.2 Forvaltning**

---

### **Avdeling 1b Otta bergverksenter**

Otta bergverkssenter forvaltar *Kulturminneområdet Rustgruvene*. Dette er ein kulturstig som vart etablert av Sel kommune i 2009. Stigen går gjennom området med 1600-tals gruvene etter Sel koparverk. Informasjonstavler fortel om dei ulike objekta ved gruvene. Andre kulturminne etter stigen er veteplass, dyregraver og gamle vegfar. Avdelingsleiar er ansvarleg for skjøtselsplanen for området.

I tillegg har Otta bergverkssenter eit gjenstandsmagasin i Sel rådhus, Otta. Her er det gjenstandar knytt til bergverksindustrien i regionen. Det vart på slutten av 2014 sett i gang eit omfattande arbeid i magasinet med ombygging og oppussing. Magasinet vil stå ferdig i februar 2015. Avdelingsleiar/registrator arbeider med dokumentasjonsprogram der minner etter bergverk og steinindustrien blir registrert og dokumentert.

Det vart i 2014 sett i gang eit verneprosjekt for Sagflaten i samarbeid med Norsk Kulturarv,

Fortidsminneforeninga, Terje Kleiven og museet. Vi fekk støtte frå Sel og Vågå kommune til arbeidet, Stokk og Stein laga ein tilstandsrapport, og søknad vart sendt Kulturminnefondet for tilskott til bevaring.

### **Avdeling 2 Lom Bygdamuseum og Lom Stavkyrkjesenter**

Lom bygdamuseum forvaltar til saman 22 antikvariske bygningar. I 2014 vart det gjennomført tiltak på to av desse. Det vart lagt nytt torvtak på smia, og ny låvebru på låven på husmannsplassen. Vedlikehaldsplanen for alle bygningane blir brukt gjennom året for å prioritere og følge opp enkelthus. Det som er mest kritisk blir prioritert fyrst. Arbeid som var planlagt utført i 2014, men ikkje fullført eller påbyrja, blir prioritert kommande år.

### **Avdeling 3 Lesja bygdemuseum**

Lesja bygdemuseum (LBM) eigarstiftinga (eigarane av samlinga) har bygd eit ope besøksmagasin. Her er det i hovudsak landbruksreiskap og større gjenstandar som skal synast fram. Bygget har gjeve museet gode høve til å formidle ein viktig del av historia til lokalsamfunnet, med landbruk som hovudnæring.

LBM har halde fram med det ekstraordinære vedlikehaldet av bygg på museumsområdet, to bygg har fått nye torvtak, eit med ny teknikk og eit med tradisjonelle metodar.

Fast inventar er rusta opp og kan nå nyttast aktivt i formidlinga. LBM er ei avdeling av Gudbrandsdalsmusea og har regelmessig inntak av nye gjenstandar til samlingane. I 2014 har det vore lagt vekt på å sende ut kontraktar og få avklara eigarforhold rundt gjenstandar der dette ikkje har

kome klart fram i den originale registreringa.

For å få plass til påbygg på Tunstugu vart Nestandestugu flytta på andre sida av vegen og ned i tunet av frivillige. Magasinrommet som sommaren 2014 romma dåpskjoleutstilling, vart tømt på hausten.

#### **Avdeling 4 Jutulheimen bygdamuseum**

I Jutulheimen bygdamuseum forvaltar vi til saman 10 antikvariske hus. Blessomstallen vart oppsett som scene for mange år sidan, og i 2014 vart denne teken ned og flytta. Dette stod ikkje fyrst på vedlikehaldsplanen, men på grunn av at eksterne midlar knytt til scena måtte bli brukt innan ein frist, måtte vi ta stallen fyrst. Det er frivilljuge i historie-laget som har stått for flyttinga.

Stallen har stått i eit fuktig område og bar preg av dette. Det vart difor lagt inn ein ny stakk på eine sida, sidan den gamle var roten. Elles vart det oppdaga interessante bygningshistoriske detaljar ved oppattsettinga. Bygningen står nå trygt og er i betre stand enn på lenge.

Vedlikehaldsplanen for Jutulheimen blir brukt gjennom året for oppdatering, oppfølging av status og vidare prioritering.

#### **Avdeling 5A Opplandsarkivet Skjåk**

I 2014 har arkivet hatt ei fast stilling på 20 %. Dessutan har vi som tidlegare år hatt ein fast frivillig medarbeidar som heiter Sylfest Lykre. Tore J. Odden har i periodar arbeidd med innlegging av kyrkjebøkene i Augustus. Ei gruppe pensjonistar har møtt kvarandre ein dag kvar veke der dei har arbeidd med namning og datering av innsamla bilete.

I samarbeid med folkebiblioteket har vi ei ordning som gjer at brukarar har hatt tilgang til

litteratur, dataregistreringar og kopiar av fotosamlinga utanom arkivet si opningstid. Opningstida har vore tysdagar frå kl. 08.00 til 15.30, og til andre tidspunkt etter avtale. Besøket har gått litt ned sist året. 325 er registrert som gjestar.

#### *Planarbeid, samling og tilvekst*

Avdelinga forvaltar pr. 31.12.2014 eit historisk fotoarkiv på 14 078 bilete. Sist år har vi hatt ein tilvekst på 449 nye foto. Av den totale samlinga er 12 166 registrert i Primus. Innlegging av bileta har så vidt kome i gang. Tanken var å kome lenger, men namning og datering av innkomne bilete vart prioritert. Dette arbeidet må gjerast no før våre informantar blir borte.

Det har vore arbeidd kontinuerleg med aktiv innsamling av nye arkiv og tillegg til tidlegare innkomne arkiv, som vi visste var å finne. I 2014 kom det inn 7 nye arkiv samt 13 tillegg til eldre arkiv. Totalt er det no registrert 138 arkiv. 115 er registrert i Asta. Det har vore viktig og arbeidskrevjande å få inn tillegg til dei eldre arkiva.

#### *Nye arkiv 2014*

OANS 00132	5/2014	Skjåk reiselivslag
OANS 00133	6/2014	Nordberg handelsforeining
OANS 00134	8/2014	Skjåk hagelag
OANS 00135	11/1993	Skjåk husmorskule (omplassert)Gimle
OANS 00136	12/2014	Skjåk almenning eigarlaget
OANS 00137	16/2014	Hotel Gimle
OANS 00138	17-2014	Skiaker Meieri

#### *Arkiv tillegg 2014*

OANS 00020	1/2014	Asbjørn Dagsgard
------------	--------	------------------

OANS 00058	2/2014	Marlo Grendehus
OANS 00058	15/2014	Marlo Grendehus
OANS 00068	3/2014	Skjåk Mølle AL
OANS 00006	4/2014	Skeaker Telefon-selskab
OANS 00005	7/2014	Skjåk Husmorlag
OANS 00008	9/2014	Nordberg Husmorlag
OANS 00059	10/2014	Nordberg og Skjåk Røde Kors (besøks-teneste)
OANS 00046	11/2014	Fotballgruppa Skjåk IL
OANS 00136	18/2014	Eigarlaget Skjåk almenning
OANS 00007	13/2014	Skjåk Jeger og Fisk
OANS 00056	14/2014	Skjåk Arbeidarparti
OANS 00093	19/2014	UL Fram

I tillegg kom det på slutten av 2013 inn 3 samlingar av lydband, film og video som ikkje vart aksjonsført ferdig. Det krev mykje arbeid å få ordna dette. Resultatet er førebels 6 filmrullar med opptak frå etterkrigstida i Skjåk og 59 lydband. Innhaldet er mangesidig med hovudvekt på intervju, folkemusikk, sportssendingar mm.

#### *Bevaring, kassering og sikring*

Arkivet sine samlingar er magasinert i brannikkert magasin i Skåk kommunehus. Eigar, Skjåk kommune er brannvernleiar, arkivar er museet sin brannkontakt.

Sist år har det vore gjennomgang av det kommunale arkivet og avlevering av arkivmateriale til Oppland fylkesarkiv. Det har ført til betre orden i arkivrommet og betre plass.



Arkivet har no 90 hyllemeter der 45 hm er brukt. Det er sett i gang arbeid for å utvide reolkapasiteten i samarbeid med Skjåk kommune.

Rutinar, oppslag og spesifiserte krav til sikring av arkivrommet er overlevert til Skjåk kommune sin arkivansvarlege for kommunen, som og er leiar for Servicetorget. Teknisk etat i kommunen fekk tidlegare ansvar for gjennomføring av attståande sikringsarbeid. Det har ført til tetting av hol i veggande i arkivrommet, plassering av brannsikringsutstyr, og arkivansvarleg har gjennomført skilting som viser korleis utstyr og tilgang skal handsamast.

Arkivet er og rydda for gjenstandar og kabelbruer er no frie for arkivmateriale. Oppdatering og sikring av data, maskiner og programvare er gjennomført.

Det er og sett i gang arbeid for å få på plass ei avtale med Skjåk energi om rom for evakuering av arkivmaterieell ved eventuell brann eller andre kritiske hendingar.

#### *Katalogisering, tilgjengelegheit og digitalisering*

115 av 138 arkiv er innlagt i ASTA. Fotoarkivet blir fortløpande registrert i Primus. Alle innkomne bilete har vorte digitalisert i høg oppløysing. Innlegging av foto har starta opp og blir lagt inn i Primus samtidig med korrekturlesing av tidlegare innlagde data. Registrering av kyrkjebøkene i Augustus har halde fram. Registreringar er innsendt for utlegging i Digitalarkivet.

#### **Avdeling 5B Opplandsarkivet Dombås**

Avdelinga har arkiv- og fotomateriale frå Lesja og Dovre. I 2014 har det vore ei tilvekst på 9 nye arkiv (samt tillegg til ein del eldre arkiv). Dei viktigste opplysningane om arkiva er lagt inn i Asta. Det kom

inn om lag 1 600 nye foto til arkivet. Dei er digitaliserte og det er vi har kontinuerleg arbeid med registrering av opplysningar om foto i Primus. Det omfattande arbeidet med å registrere og få oversyn over negativsamlinga frå "Dombås foto" var sluttført i løpet av 2014.

#### **Avdeling 5C Opplandsarkivet Vågå**

2014 har vore eit "normalt" arbeidsår etter ombygginga av magasinet i 2012 og flytting av arkiva i 2013. I jubileumsåret 1814-2014 har også vi bidrege med materiale frå våre samlingar, og vi har hjulpt mållag og historielag med stoff til årbøker. Saman med historielaget hadde vi eit godt besøkt seminar i Jutulheimen i oktober, der vi sette fokus på Stortingsmannen Ole Poulsen Haagenstad, omtrent på dagen for hans første møte i det ordinære Stortinget i 1814. (Arkivaren sitt innlegg kjem saman med dei andre innleiarane sine innlegg i årsskriftet "Jutulen" frå historielaget.)

Ein dansk museumsarbeidar har vore hos oss og samla stoff om Kristofer Brun og folkehøgskulen på Romundgard. Vi viste henne rundt i Vågå og Sel og ho fekk teke i augesyn skulestova der folkehøgskulen vart halden. Artikkelen hennar vi komme i ein dansk kulturhistorisk serie. Ein lokal doktorgradsstipendiat knytt til Hi Volda har nytta kjeldene våre også dette året.

To andre publikasjonar har delvis bygd på kjelder i arkivet vårt: Ivar Teigum si "Utvegar til vatn", og Carolyn Marie Wakefield Idso: "The Legacy of Ole Skålen", ei slektshistorie frå USA og Noreg om etterkommarane etter Ola og Ymbjør Skålen.

I arbeidsåret har vi fått inn mange store og interessante arkiv. Gjennom NAV har vi samarbeidd

om ein praktikant og har kunna gjort unna mykje registreringsarbeid. Dette kjeldestoffet har vi formidla både til lesesalsgjestar, og arkivleiarer har orientert på møte i Gudbrandsdal Slektshistorielag. Vi har hatt godt frammøte på lesesalen gjennom året. Gjesteboka fortel om 167 innførslar av besøk på lesesalen.

Vi fekk eit fint presseoppslag i lokalavisene da vi opna arkivet att etter ombygginga av magasinet i 2012/13, og det førte til at kjennskapen til arkivet auka, og vi har i meldingsåret fått mange nye arkiv og tillegg til tidlegare innsamla. Somme av dei nye arkiva var til dels store arkiv frå saksområde vi har hatt mindre dokumentasjon frå før. Med ekstra innsats og ressursbruk på registrering, er vi meir allsidig rusta til å dokumentere lokalhistoria.

#### *Nye:*

OANV384	Ottadalen kommunale billag
OANV385	Ola Skogstad
OANV386	Torgeir Mageli
OANV387	Sjårdalen Arbeidaridrettslag
OANV388	Sjårdalen Bonde- og småbrukarlag
OANV389	Iver S. Ryen
OANV390	Ivar Teigum
OANV391	Leif Løchen
OANV392	Kvitfjell Utvikling
OANV393	Mjøsen Skogeierforening Ottadalen

#### *Tillegg:*

OANV319	Vågå Spel- og dansarlag
OANV015	Jørgen Espelund
OANV070	Vågå Bonde- og småbrukarlag
OANV001	Vågå Ungdomslag
OANV089	Vågå Folkeboksamling
OANV323	Gunnar Sandbo
OANV	Sjårdalen Samfunnshus
OANV	Sandbu oppigard sør

### **Avdeling 5D Folkemusikkarkivet norddalen**

I samarbeid med grunnskulen i Vågå og "den kulturelle skulesekken" har arkivleiaren hatt innføringskurs i runddans for 5. klassesteget på Vågåmo skule, for alle klassetrinn på Lalm og og for 5.-7. klasse i grunnskulen i Lom, der elevane i Garmo vart skyssa opp til den nye kulturstugu i det nye kulturhuset i Lom.

I Vågå inviterte vi til ein hyggekveld i Jutulheimen bygdamuseum, der vi fekk ei generasjonsblanding på dansegolvet, og vi hadde ein spørjekonkurranse der elevane fekk testa ut sin kunnskap om samfunn og kultur.

Vågå Spel- og dansarlag skipa til ein minnekveld seinhaustes for å heidre sentrale springleikdansarar som har gått bort dei siste åra. Vi viste filmsnuttar av gamle tradisjonsopptak, og arkivet dokumenterte dansen med dagens dansarar. Vi gjorde også videoopptak frå minnekvelden etter storspelmannen Jakob Skogum på førejulsvinteren.

### **Avdeling 5E Folkemusikkarkivet midt- og sørdalen**

Arkivet hadde som mål å systematisere, sikre og registrere mest mogleg av arkivmaterialet som ligg på vent. Vi held fram med flytting av materiale frå eit kvelv til eit betre magasin. Arbeidet går som forventa.

Arkivet hadde også som mål og få inn nytt materiale. Resultatet vart 7 innleveringar i 2014. Oversyn over registrert materiale pr. 31.12.2014 ligg med som eige vedlegg og utgjer mest arbeid i året som har gått.

### **Avdeling 6 Ringeby Stavkirkeutstilling**

Ringeby Stavkirkeutstilling er tilknytta Ringeby Prestegård og Ringeby Stavkirke. Utstillinga skal syne og formidle kyrkjerommet som heilag rom og

samlingsstad. Formidlinga skjer med gjenstandar, tekst og film. Avdelinga forvaltar gjenstandar innlånt frå KHM, desse avtalane har vore til revidering i 2014.

### **Avdeling 7 Gudbrandsdal Krigsminnesamling**

Gudbrandsdal Krigsminnesamling på Kvam er ei samling der krigshandlingane i april dagane 1940 og okkupasjonsåra blir formidla gjennom gjenstandar og tekst.

GDM i samarbeid med eigarane av Stiftinga Gudbrandsdal Krigsminnesamling, forvaltar gjenstandar som er gjevne som gåve frå privat personar og institusjonar/firma, innlånt frå FM og innlånt/deponert frå privat personar. Samlinga har også dokumentert hendingane gjennom eit stort fotoarkiv.

Fotoarkivet er digitalisert, lagt inn i Primus foto og lagt ut på Digitalt Museum. Dette har resultert i mange attendemeldingar. I 2014 vart det starta med registrering av gjenstandane i Primus, og det arbeidet vert vidareført i 2015. Målsettinga er at alle gjenstandar og foto er registrert og digitalisert i løpet av 2015. I 2014 har det vore ein tilvekst på 4 gjenstandar.

### **Avdeling 8 Pilegrimssenter Dale-Gudbrand**

Sjå eigen årsrapport.

### **Avdeling 9 Bygningsvernrådjevar**

Vi har rutinar for digital lagring av innsamla foto og dokumentasjon. Dokument som kan/skal brukast av fleire blir lagra på fellesområdet, slik som vedlikehaldsplanar for bygdetuna. Desse blir brukt gjennom året for oppdatering, oppfølging av status og vidare prioritering.

### *Arbeid ved avdelingane*

#### **Lesja bygdetun:**

Smia - taket vart tekt med tradisjonell tekking, never og torv. Næmingar frå Hjerleid var med i arbeidet. Venneforeninga bidrog med torvtaking og transport av torv.

Smibelgen vart restaurert av Jostein Espelund, og smia teken i bruk.

Belle-Hattrem - Snudd om på trapp til 2. høgda. Løysing med ny rett trapp.

Stabbur – taket tekt om med papp, platon og torv, jf. vedlikehaldsplan. Gjort i samband med at handverkerar (Lesja Byggservice) var på staden for å bygge reiskapshus.

#### **Jutulheimen:**

- Historielaget har teke grep om sceneprosjektet. Ny scene er bygd oppe i tunet. Låven med den gamle scena er demontert. Drenering øvst i tunet er gjort i samband med scenebygginga. Vil sjå om dette gagnar tilhøva ved Øyastugu jf. vedlikehaldsplan.

- Gjenståande del av ekstraordinære midlar til vedlikehald er prioritert for bruk som eigeninnsats i prosjektsøknadar.

#### **Lom Bygdamuseum, Presthaugen:**

Smia er tekt om. Tradisjonell tekking med never og torv. Noko reparasjon av takbord og raftlæge. Innleigd hjelp var Nils Teigen og Geir Arne Myren. Det har vorte hogd nokre tre for betring av miljø og sikring av hus. Noko brukt som ved, noko som lækjer i samband med ny vassveg, noko vart saga opp til material.

## **Avdeling 10 Norsk Fjellmuseum**

Som ein del av samarbeidsavtalen med Kulturhistorisk museum og Oppland fylkeskommune har Norsk Fjellmuseum ansvar for midlertidig oppbevaring av arkeologiske funn frå breane. Dette materialet kjem fram i samband med dei arkeologiske undersøkingane om sommaren ved brear og fonner i området. I 2014 vart det funne fleire hundre gjenstandar, og det har vore ein del arbeid knytt til oppbevaring og registrering av desse.

Vi har hatt ein gjennomgang av samlingane i samband med at basisutstillinga har vorte demontert. Eit rom er teke i bruk som godt magasin for gjenstandar, medan eit anna er teke i bruk som arkiv.

Da vi hadde praksisstudentar frå NTNU i haust, vart det registrert nokre gjenstandar i Primus. Det er sett i gang arbeid med klargjering av avtalar ved innlån/gåve til dei gamle utstillingane.

### **Regional arkeolog**

Regional arkeolog har ikkje noko forvaltningsansvar i høve arkeologiske kulturminne, men skal vere eit kontaktpunkt mellom lokalbefolkninga og den regionale og nasjonale kulturminneforvaltninga. Arkeologen har i sitt arbeid vore på synfaringar, skrive søknadar, drive formidlingsarbeid, og vore med på seminar, kurs og konferansar for påfyll og nettverksbygging innafor fagfeltet.

Jf. tenestekjøpsavtala mellom GDM og Lesja kommune har regional arkeolog og arbeid med kulturminnevern og tilrettelegging av kulturminne for Lesja kommune i tilsvarande om lag 30 % stilling.

## **Samlingsforvaltning, gjenstandar.**

*Generelle tiltak.*

### **Registreringsrettleiing**

- Det vart laga utkast til hefte i rettleiing for registrering og gjenstandshandtering,
- Vi har lært opp to nye registratorar (NAV) i Primus og gjenstandshandtering.

### **Retningsliner for magasinbygg**

- Det er laga utkast til retningsliner for magasinbygg,
- og introduksjon til samlingane på museet si heimeside

### **Avtalar**

- Det er laga utkast til avtalemalar for revidering av alle gjenstandar for lån, deponering, donasjon og tilvekst.

### **Magasinbefaringar**

Ringebu.

- Synfaring på Ringebu folkebibliotek for å vurdere potensiale for lokalarkiv- og lokalhistorisk verksemd, rapport er skriven.

Lom.

- Synfaring på Lom møbelindustri for å vurdere potensiale som gjenstandsmagasin, rapport er skriven.

Otta

- Magasinsynfaring for Otta Bergverksenter. Rapport er skriven. Det vart gjort avtale med Sel kommune om utviding av noverande magasinlokale med 12 kvm. samt renovering. Tiltaka var sett i gang før jul, og vil stå klart i løpet av januar 2015.

## **Magasinplan**

Det er laga utkast til overordna magasinplan med 23 underrapportar, dvs. separate magasinplanar for Lesja BM, Jutulheimen, Lom BM, Fjellmuseet, Otta bergverkscenter, Gudbrandsdal krigsminnesamling.

*Tiltak ved avdelingane*

### **Avdeling 1 b Otta bergverkscenter**

- 120 Gjenstandar frå Bårstad er registrert i Primus og lagt ut på Digitalt Museum.
- Vi ventar med pakking av samlinga for magasinering til magasinet er ferdigstilt.
- Utviding av magasinrom starta opp.
- Gjenstandar frå Otta Apotek er ikkje registrert og ordna for magasinering.

### **Avd 2b Lom bygdamuseum**

Manuell registrering

- Det er gjennomført manuell registrering av gjenstandane i Husmannslåven og i Stallen. Gjenstandane er ordna, fotografert, merka, laga tilstandsbeskriving, reingjort og dekt til for vern mot støv. Ein del av gjenstandane i stallen er flytta til magasin i 2. et. Glømsdalsstugu.
- Det same er gjort for ein del gjenstandar i magasin i Glømsdalsstugu

### **Avdeling 3a Lesja bygdemuseum**

- Nytt bygg/besøksmagasin ("Vognskjul") var ferdig til sommarsesongen
- Magasinet i kjellaren er tømt, gjenstandar mellombels lagra i andre magasin/kjellarutstillingsrom.
- Det er sendt ut aksjesjonsskjema som kvittering for gjenstander vi har fått i 2012/

2013/2014 . Ca. halvparten er signert og returnert.

#### **Avdeling 4 Jutulheimen bygdamuseum**

- Sundstugu 2. et. vart rydda og 30 lagerhyller montert sept 2014.
- 22 flytteesker med gjenstandar er ferdigregistrert i Primus med beskriving, mål, klassifikasjon, emneord, plassering, foto, nummerlapp og eskenummer
- Gjenstandar frå Gardsøy er skilt ut i egne esker, ikkje registrert. Det er satt i gang arbeid for å avklare eigarskap av samlingane.
- Gjenstandar i stabbur i Jutulheimen og på låven i Ullinsvin er gjennomgått med manuell registrering og fotografering for vinterarbeid med Primus.
- Det er registrert store og mindre gjenstandar i Jutulheimen og Ullinsvin som Vågå Historielag eig.

#### **Digitalt museum**

- Ca 300 registrerte gjenstandar med foto vart publisert på Digitalt museum i Vågå.
- 

#### **Avdeling 6 Ringeby Stavkirkeutstilling**

Registrering

- Alle gjenstandar er innlån frå KHM

Digitalt museum.

- Gjenstandane i utstillinga er registrert i KHM.

Avtalar for innlån

- Vi har fornya innlånskontrakter for aktuelle gjenstandar.

#### **Avdeling 7 Gudbrandsdal krigsminnesamling**

Magasin

- Magasinet er rydda, vaska og nye magasinhyller er satt opp.

Registrering

- 309 nummer eller ca. 50 % av samlingen, eksl. innlån, er registrert i Primus

Digitalt museum

- 262 gjenstandsnummer vart publisert på Digitalt museum.

Avatar for innlån

- Saman med eigarane har vi satt i gang prosessen med gjennomgang og fornying av avtarar for samlingane.

#### **Avdeling 10 Norsk Fjellmuseum**

- Alle gjenstandar i magasin er sortert og pakka
- Magasinrom er renovert og utvida til 25 kvm.
- 70 lagerreolar er monterte, og pakka gjenstandar er satt på plass.
- Hovudutstillinga teken ned.
- Vi har starta registrering av gjenstandar i utstillinga.
- Claus Helberg si samling pakka og registrert i Asta (arkiv).

#### **Sikringsarbeidet ved avdelingane**

*Ved Avdeling 2b Lom bygdamuseum, 3a Lesja bygdemuseum, 4 Jutulheimen bygdamuseum, 5a Skjåk arkiv, 5b Dovre Arkiv, 5c Vågå arkiv, 5e folke-musikkarkivet på Hundorp, 6 Ringeby stavkirke.-utstilling, 7 Gudbrandsdal krigsminnesamling og 1/8/11 Pilegrimssenteret/adm/gardsbutikk er det gjennomført revidering av loggbok, risikoanalyse, handlingsplan for brannvern og ansvarshavande*

*dokumentert og avklara. I dette arbeidet er det mykje informasjon som vi ikkje kan offentliggjera i denne årsrapporten.*

- Lesja BM vart erklært som særskilt brannobjekt
- Skjåk kommune har i 2015 løyvd pengar til oppgradering av arkivrom m. kopling til 110, fuktalarm og integrering av arkivlokalet i kommunen sine sikkerheitsrutinar.
- I Skjåk flytta delar av kommunearkivet ut 2014. 60 hyllemeter (hm) vart ledige. Dette kjem i tillegg til 39 hm ledig plass.
- Vi skal få avtale med Skjåk kommune om bruk og oppsetting av fleire seksjonar med rullearkiv.
- Evakueringsplan for arkivet i Skjåk blir med i kommunen si RoS-analyse 2015.

## **2.3 Forsking, dokumentasjon**

#### **Avdeling 3. Lesja bygdemuseum**

Det har ikkje vore prioritert å bruke ressursar på forskning ved avdelinga i år. Vi vonar deltaking i cruiseprosjektet på sikt vil gje høve til forskingsrelatert arbeid og publikasjonar.

#### **Avdeling 5A. Opplandsarkivet Skjåk**

Det vert lita tid til forskning som ein del av vårt arbeid. Det vert mest arbeid av mindre omfang med tanke på lokale skrifter og tilrettelegging for andre som ynskjer bruk av vårt materiale. Ein publikasjon har delvis bygd på kjelder i arkivet vårt: Ivar Teigum si "Utveggar til vatn",

Arkivaren har arbeidd med nokre mindre artiklar til lokalhistoriske tidskrift og starta i 2013 opp eit arbeid med historia om Nordberg kyrkje dei

siste 50 åra. Denne boka vart ferdig sumaren 2014. Eit interessant men tidkrevjande arbeid der ein del av vårt arkivmateriale vart nytta.

### **Avd 9 Bygningsvernrådsgjevar**

Ein har jobba med innsamling og dokumentasjon av eldre materialbruk, byggeskikk og tradisjonar gjennom heile året. Det er gjort ein del utprøving av teknikkar i praksis, jf. taktekking med never.

Vi har starta ei lokal nettverksgruppe for spesielt høvelinteresserte.

### **Annan fagleg verksemd**

Museet var i Grunnlovsjubileet med på å anvende boka Oppland 1814 i ulike tiltak. Boka er basert på professor Tore Pryser si forskning, i godt samarbeid med arkivarane og museet elles. Ein kan såleis seia at vi i 2014 har jobba med *anvendt forskning*.

Museet publiserte 2014 boka "Utveggar til vatn" basert på cand.philol. Ivar Teigum si forskning gjennom mange år. I samband med lansering av boka hadde vi eit miniseminar på fjellmuseet.

Med prosjektet Villreinen som verdiskapar, laga vi ei brosjyre om villreinen i Sør-Rondane. Denne er basert på forskning av fleire forskarar vi har hatt tilgang til. Dette er eit prosjekt vi hadde saman med Villreinsenteret på Hjerkin og Østlandsforskning som eit kompetansemeklingsprosjekt, utført for og med Venabu Fjellhotell.

Museet er med i ein redaksjon som skal gje ut ei bok basert på Christine Storm Munch sine oppskrifter, blanda med kulturhistorie. I dette arbeidet vil det bli ein del forskingsarbeid innan fleire felt. Vi samarbeider med dyktige fagfolk innan ulike fagområde i dette arbeidet.

## **2.4 Formidling og målgrupper**

Generelt har det vore eit aktivt formidlingsår med ca. 43 500 besøkande, ein liten oppgang frå 2013. Oppsummert har vi hatt 30 foredrag, laga 14 nye utstillingar, 35 skuleopplegg, 41 arrangement, vore med på 24 seminar godt fordelt i staben. Direktøren hadde 14 foredrag om matskikkar/grunnlovsjubileet i heile Oppland.

### **Marknadsføring**

Gudbrandsdalsmusea har i 2014 teke i bruk fleire nye digitale kommunikasjonskanalar for å auke kontaktflata mot publikum. Ny heimesida som vart lansert våren 2014, er ein sentral del i dette.

Dei tilsette brukar elles sosiale media som Digitalt Museum, Digitalt Fortalt, Facebook og Instagram for å kommunisere med publikum.

Dette har gjeve oss større rekkevide for publisering og informasjon rundt arrangement og fagleg arbeid.

Heilt ny grafiske profil har gjeve nytt og meir anvendeleg grafisk materiale for å betre kommunikasjon mot publikum. Ved bruk av ein ny serie med "postkort" i staden for brosjyrar har vi jobba med forenkling av våre budskap og faglege arbeid ved avdelingane. Dette er enkle og lite plasskrevjande produkt som har ført til meir aktiv bruk av materialet, og dermed ein større informasjonsflyt over for ulike segment av publikum/brukarar.

### **Avdeling 1b Otta bergverkssenter**

Otta bergverkssenter er ei "sjølvinstruerande" utstilling, og ho er open for publikum året rundt i opningstidene til Sel bibliotek. Det er ope areal slik

at besøkjande på biblioteket og kan bruke utstillingane.

Målgruppene her er besøkjande generelt, turistar, lokalbefolkning, skuleelevar, studentar og spesielt interesserte.

Avdelingsleiar hadde formidlingsoppdrag i utstillingane, og i 2014 har 5. årstrinn ved Otta skole fått undervisning her. På slutten av året fekk eit grunnkurs og ei 2. klasse ved NGV, Avdeling Otta, omvising og undervisning i utstillinga knytt til geografifaget. Til saman var dette vel 100 elevar.

### **Avdeling 2 Lom Bygdamuseum og Lom Stavkyrkjesenter**

I 2014 vart det gjennomført skuleopplegg med 1., 4. og 5. klasse ved Loar skule knytt til tema "Den gamle garden" og "Tradisjonell vatning og korndyrking". Museet har også gjennomført skuleopplegg for 1. til 3. klasse i Skjåk knytt til "Skulen for 100 år sidan", hatt opplegg for vaksenopplæringa i Lom og Skjåk, samt eit opplegg knytt til materialkunnskap og gamle handverksteknikkar for 1. klasse byggfag ved Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule, Avdeling Lom.

2014 har vore ein aktiv sommarsesong med faste aktivitetsdagar ein gong i veka. På desse dagane har det vore både barneaktivitetar og fram-syning av bakst, handarbeid, gamaldags gardsarbeid, dans og song som lokale lag og foreiningar har bidrege med.

Museet har også hatt Olsokfeiring med matserving og barneaktivitet, ein eigen slåttedag med slått på museet og slåttegraut, samt bidrege på arrangement i regi av skulen og bygdekvinnelaget. Vi kan nemne grunnlovsmarkering og gjennomføring av det faste tradisjonelle, gamaldagse bondebryllaupet saman med ungdomsskulen.

Museet hadde i sommar tre utstillingar. Ei permanent utstilling kalla "Vatn og korn" om den særeigne vatnings- og dyrkingskulturen i regionen. Ei temporær om den lokale treskjeraren Hans Lilleødegard laga i godt samarbeid med frivillige. Ei temporær med dåpskjolar i nunofilt, som var laga av Berit Sørhage.

Av andre formidlingsopplegg hadde vi lansering av boka "Utveggar til vatn", og ein særst godt besøkt julemarknad med både juleverkstad, demonstrasjon av hogging av tro til den nye vassvegen, matsservering, smiing, underhaldning og marknadsbuer.

Lokalbefolkninga har i 2014 vore den største brukargruppa, men museet har i 2014 hatt eit aukande besøk av turistar. I 2014 har museet hatt spesielt fokus retta mot barn og unge i grunnskulen.

### **Avdeling 3 Lesja bygdemuseum**

Vi har i 2014 hatt ulike formar for formidling retta mot publikum. Dette har gjeve oss høve til å nå ut til eit breitt publikum med ulike interesser og behov. Primærmålgruppa er barn og unge vaksne. Sekundær målgruppe er pensjonistar og lokalbefolkninga generelt.

Formidlinga skjer ofte i godt samarbeid med ulike aktørar som kommune, friviljuge, eigar-stiftinga, venelag, kulturskule, ungdomsråd og andre.

#### *Arrangement*

Martnasdagen under Markens Grøde er eit årleg arrangement der lag og organisasjonar i Lesja er med for å syne fram dei ulike tilboda som finst i kommunen. Gudbrandsdalsmusea har i år vore leiar av arrangementet.

Martnasdagen 2014 hadde lokal mat og

mattradisjonar i fokus, noko som var spegla blant utstillarar og aktivistar. Teknikkar knytt til trusking vart demonstrert av medlemar frå Lesja Bondelag. Dei hadde og aktivitetar som kalvemønstring, staur bæring og hesteskokasting. Involvering av fleire ulike aktørar gjer at publikum får ei heilskaplig oppleving, og ulike tilbod passar ulike aldersgrupper.

*Natt på museet* vart gjennomført for femte gong, med tema «Vikingane kjem». Arrangementet er eit tilbod til elevar i Lesja og Dovre frå 5.–10. klasse. I år var det leigd inn ei vikinggruppe frå Trondheim som var med som aktivistar og skodespelarar. Vi hadde ikkje i år eit maks tal på deltakarar, noko som førte til godt frammøte med 150 barn. Arrangementet er eit samarbeidsprosjekt mellom fleire aktørar, og det er også med på å styrke samhandlinga mellom kommunen, kulturskulen ungdomsrådet og museet.

Det er mindre foredrag og demonstrasjonar kvar dag i opningsstida frå midten av juni til midten av august. Blant desse er demonstrasjon av tradisjonsbakst og handverk, lokalhistoriske foredrag og demonstrasjon av idear for gjenbruk og redesign.

#### *Utstillingar*

Vi har fokus på solide og gjennomarbeidde basisutstillingar i husa for å syne fram tidsriktig interiør, samt temautstillingar. I tillegg laga museet ei stor sommarutstilling og nokre små sesongbaserte utstillgar. I år har Lesja husflidslag vore ein av bidragsytarane.

«Ull i tida» Lesja ligg sentralt plassert langs vegnettet mellom Ålesund/Molde og Trondheim/Oslo, og dette har påverka kultur og tradisjonar i området. Temautstillinga «Ull i tida» synte fram tradisjonar knytt til ull og ullindustri frå vikingtida

og fram til i dag. Gjennom tekst, bilete, gjenstandar og ved å involvere publikum aktivt, illustrerte utstillinga den teknologiske utviklinga innan produksjon av ull og produkt laga av ull.

Vi hadde god kommunikasjon og hjelp av Rauma ullvarefabrikk og Devold of Norway som ga oss nyttig informasjon og gjenstandar til utstillinga. I samband med utstillinga hadde museet og Lesja husflidslag og kurs i oppstadvev. Utstillinga var godt besøkt, med positive tilbakemeldingar frå både publikum og samarbeidspartnarar.

"Kurs gjennom 50 år" Lesja husflidslag hadde 50-årsjubileum i 2014. Det vart markert ved Lesja bygdemuseum gjennom ei utstilling som synte fram gjenstandar produserte på kurs i perioden. Det var eit breitt spekter av produkt som vart synt fram. Samstundes som fleire bilete fortalde om prosessen og det samholdet kurs av ulike slag har skapt mellom medlemar av husflidslaget. Lesja husflidslag står sterkt på Lesja og er ein aktiv bidragsytar til aktivitetar og demonstrasjonar ved museet.

"Dåp og dåpstradisjonar" Utstillinga synte fram dåpshuver og dåpsklede frå slutten av 1700-talet og fram til ca. 1970. Gjennom tekst og bilete vart tradisjonane knytt til dåp illustrert.

Utstillinga vart sett opp etter ynskje frå publikum om å få eit gjensyn med tekstilar frå magasinet. Marit Kolstad var med på å lage utstillinga, og ho og fleire andre lånte lånte ut klede og huver til utstillinga.

### **Avdeling 4 Jutulheimen bygdamuseum**

Det har vore eit aktivt formidlingsår ved Jutulheimen i 2014. Vi har hatt opplegg med vaksenopplæringa, norskopplæringa, Vågå demensforeining i til-



legg til skuleformidling og ulike andre arrangement opne for publikum.

Vågå Historielag har hatt faste medlemsmøte/Kveldseto i Jutulheimen med ulike tema. Desse hadde godt frammøte og var ein del av det totale tilbodet i Jutulheimen. Vi har eit godt samarbeid med historielaget gjennom året..

I to dagar var Jutulheimen arena for aktiv sommarferie for ungar i 1.–7. klasse i Vågå, der lefsebaking, smørlaging, gamle leikar og bier/honning var tema.

I sommarsesongen har det vore tilsett ein tunvert som har formidla generell kulturhistorie i tillegg til ulike tematiske omvisingar og utstillingane. Registrator, som heldt til på loftet i Øystugu, vart og kopla opp mot sommarformidlinga med stort hell.

#### *Arrangement*

Kveldsseto. Tema i 2014 har vore: Asbjørnsen og Moe, Presten Bang Wang i Vågå, The Earth hour (verdsmarkering.), Fotokveld (gamle foto), Nordljøs, Folkemusikkstimen i samarbeid med Vågå spel- og dansarlag. Vi hadde ein konsert med den kjente irske folkemusikaren Andrea Rice i juli.

Vi var medarrangør for Ole Haagenstad-seminaret ved Opplandsarkivet Avdeling Vågå ved Tor Stallvik saman med historielaget. Det var foredrag fyrst i kyrkja, seinare i Jutulheimen med stort frammøte.

Vi hadde også eit førjulsarrangement der vi viste fram korleis julefeiringa kunne gå føre seg rundt år 1900. Med pynta juletre, nissejakt, utstillinga "Jul i 1900" og servering. Vi stod og for juleverkstaden for ungar under julemessa i Ullinsvin i november 2014.

#### *Skuleformidling*

I 2014 har det vore gjennomført mange skuleopplegg med ulike tema. I juni 2014 hadde vi besøk av 4., 8. og 9. klasse frå Vågåmo skule og Vågå ungdomsskule for å sjå "The Brothers". Der samanlikna vi det vi såg på fotoa med vårt liv i dag og likeeins lenger bakover i tid, før brødrene Ramen vart født. I tillegg hadde vi i samarbeid med Folkemusikkarkivet eit opplegg med 5. trinn ved Vågåmo skule/Lalm oppvekstsenter i "Folkedans og quiz".

Før jul hadde vi besøk av 1., 3., 4. og 6. klasse ved Vågåmo skule på opplegget "Jula rundt 1900". Vi knytte juleførebuingane rundt 1900 opp mot utstillinga med same namn, samt prata om sjølve julefeiringa på den tida.

I tillegg hadde vi besøk av to barnehagar; Trudelutten musikkbarnehage (1-3 år) og Tytingen gards- og naturbarnehage på "Jula rundt 1900".

#### *Utstillingar*

Permanente utstillingar (Inga endring sidan 2013)

- Oldsaksutstillinga – tidleg jordbruk
- Kister og skrin
- Jo Gjende
- Felemakaren Ola Eide
- Jo Visdal – folkets kunstnar (Bilethoggar frå Vågå)

Temporære utstillingar

- The Brothers/brødre (svart/kvit fotoutstilling av Elin Høyland)
- Miniutstilling av gjenstandar etter Ole Haagenstad (i samband med Haagenstad-seminaret)
- Jul rundt 1900
- Gamle julekort (1890 – 1950 åra)
- Nissecollage

#### *Målgrupper*

Den største brukargruppa i 2014 har vore lokalbefolkninga, men og ein del tilreisande frå regionen. Det kjem innom enkelte turistar og, men dei utgjør ein liten del. Ulike arrangement/utstillingar dreg ulike aldersgrupper, med hovudvekt på vaksne.

Dei fleste besøka av ungar kjem gjennom skule/barnehage. Vi har hatt auka fokus på barn og unge i grunnskulen, samt barnehagar. Vi har arbeidd meir aktivt mot andre brukargrupper i nærmiljøet, slik som dei i vaksenopplæringa, norsk-opplæringa (flyktningar/asylsøkjjarar/utanlandske nyinnfløtte m.fl.) og demente.

#### **Avdeling 5A Opplandsarkivet Skjåk**

Så langt som råd prøver vi å få presentert oss sjølve gjennom arrangement og presentasjonar. I samarbeid med lokale lag, organisasjonar og Skjåk folkebibliotek har vi hatt kurs og foredrag. Lokal-avisa Fjuken og GD er viktige formidlings- og samarbeidspartar. Fjuken nyttar ofte våre bilete til sine temautgåver.

Årleg kalender og historisk tidsskrift (Kveldsseto) er ein viktig formidlar og interesse-skapar for arbeidet vårt. Besøkande får kjennskap til arbeidet vi utfører og presentert innsamla materiale. Skulesamlinga ved Øygard skule har også dette året vore besøkt av elevgrupper.

Viktige målgrupper er gjerne dei som etterspør tenester. I vårt område har det i stor grad vore slektsinteresserte, skuleelevar og pensjonistar som ynskjer aktivitet, besøkande utanfrå og personar som arbeider med bygdebøker, artiklar og forskning. Dessutan vil vi nemne aktivitetar der vi i samarbeid med andre lag og organisasjonar ynskjer

å skape interesse vårt arbeid og historisk interesse generelt.

### **Avdeling 5B Opplandsarkivet Dombås**

I 2014 bidrog arkivavdelinga på Dombås med utlån av bilete til m.a.:

- skoleprosjekt på Dovre ungdomsskole i samband med grunnlovsjubiléet
- utstilling om gamle skular i Lesja og Dovre i samband med "Hjerleidutstillinga"
- bilete til Lesjakalender
- bilete til jubileumskonsert med Dombås musikkforening
- bilete til mange temaartiklar i lokalavisa Vigga
- bilete til Dovre historielag sitt hefte, Dovre-bygde
- bilete til bok om setrene i Dovre (planlagt ferdig i 2015)

Nettutstillinga om "Pakka" frå Kringenjubiléet i 1912 var ferdigstilt, og presentert våren 2014 med eige miniseminar.

### **Avdeling 5E Folkemusikkarkivet midt/sørdalen**

Hovudformålet for arkivet er å dokumentere og kartlegge alle sider av dei lokale song-, spel-, og dansetradisjonane i distriktet i fortid og samtid, og å stille denne dokumentasjon til rådvelde for utøvarar, forskarar og andre interesserte.

Saman med folkemusikkarkivet i Vågå har vi funne fram til fleire utgåver av og melodiar til nidvisa om Ole Haagenstad. Denne har vore brukt i ulike samanhengar gjennom grunnlovsjubiléet, inkl. vårt eige digitale prosjekt med formidling digitalt kvar månad.

Ei hovudoppgåve gjennom året har vore ferdigstilling av dobbelt-CD "Nykomponert" med

hefte. Dette har vore eit arbeid som har strukke seg over fleire år, men nå fekk vi inn alt materialet og kunne lansere cd-en før jul, med inviterte gjestar og presse. Vi fekk gode presseoppslag og respons på resultatet.

I 2014 er det registrert 17 personar som har vore i direkte kontakt med arkivet når det gjeld arkivmateriale, 14 frå distriktet og 3 utanom distriktet.

Det har vore:

- omvisingar i arkivet
- hjelp til elevar med skuleoppgåver
- hjelp med materiale for bruk på konsertar/kulturarr./bokprosjekt
- utøvarar som har lært slåttar direkte av arkivar
- reportasje NRK fjernsynet
- formidling av kunnskap om arkivmateriale
- kopiering av materiale. Totalt 19 sider med skriftleg materiale, 42 melodiar i lydform og 1 foto er kopiert ut frå arkivet

### **Avdeling 6 Ringeby Stavkirkeutstilling**

2014 har vore om lag som året før for avdelinga. Avdelinga har, i samarbeid med Stiftelsen Ringeby Prestegard, synt fram utstillinga i samband med den kulturelle skulesekken. Avdelinga har eit nært samarbeid med stiftinga, og det har medverka til at utstillinga og i 2014 har hatt ei auke i talet på vitjingar. Utstillinga når eit breitt publikum.

Vi har eit nært samarbeid med Kulturhistorisk Museum og Stiftelsen Ringeby Prestegard. Avdelinga har brukt ressursar på å formidle den digitale historia om og bruken av Ringeby Stavkirke. Gjennom forvaltningsarbeidet blir dei historiske, både immaterielle og materielle, verdiane tekne

vare på og formidla vidare til dei besøkande. Avdelinga har, i nært samarbeid med stiftinga, hatt fokus på born og unge, slik at dei og kan ta del i kulturarven vår.

### *Arrangement*

Utstillinga er med som eit obligatorisk besøk for gruppevandringane langs pilegrimsleden i regi av Pilegrimssenteret. Avdelinga var med på arrangementet der fylkesleiren for Oppland 4H vitja utstillinga. Vi hadde eige turleiar for ei gruppe av dei frå Fåvang til kyrkja. Og vi hadde foredrag langs leden for alle dei 308 ungane på bygdeborga sør for kyrkja.

### *Skuleformidling*

Avdelinga har gjennom samarbeid med Stiftelsen Ringeby Prestegard og den kulturelle skulesekken, lagt opp til at alle skulane i Ringeby kommune har vitja utstillinga. Totalt har 780 born og unge vore med på ei eller anna form for skuleformidling.

### *Utstillingar*

Som i fjor har vi har ei basisutstilling saman med ein film om stavkyrkja i eige visningsrom.

### *Målgrupper*

Avdelinga har fokus på born og unge og andre brukarar av prestegarden/kyrkja. Avdelinga har, i samarbeid med stiftinga lagt til rette for skulebesøk og anna opplegg for born og unge.

I og med at prestegarden har eiga utstilling laga saman med barnehagane, er det mange ungar/familiar som besøker prestegarden gjennom året.

Avdelinga har og tilrettelagt for turistbesøk, bussgrupper og einskilde besøkande.

Marknadsføringa gjennom Visit Lillehammer har vore målretta.

Museet var med i eit forprosjekt for å utvikle galleriet som kulturnæring og å avklare Weidemannsprofilen ved galleriet saman med kommunen, eigarstiftinga og næringsforeininga. Prosjektet vil bli slutført i 2015.

#### **Avdeling 7 Gudbrandsdal Krigsminnesamling**

2014 var ein mellomsesong for avdelinga på Kvam. Våre auka ressursar har vore brukt til registrering og dokumentasjonsarbeid av samlingane. Ved å ha registrator der fast gjennom hausten, har vi fått mange andre (nye) besøkande i tale på ein fagleg god måte. Samstundes har avdelinga lagt vekt på å få skuleklasser til å vitja samlinga.

#### *Arrangement*

Det har ikkje vore noko arrangement ved samlinga i 2014. Vi har hatt fokus på opprydding, registrering og montering av ny varmekjelde. Eigarstiftinga har og ansvar for arrangement i løpet av året.

#### *Skuleformidling*

Samlinga hadde i 2014 3 skuleklasser frå Nord-Fron og Sør-Fron med til saman 89 elevar. Desse møtte eit godt tilrettelagt opplegg med fokus på lokale tilhøve under krigen.

#### *Utstillingar*

Vi har vist basisutstillinga og dei to midre utstillingane om Karpolfamilien (jødeaksjonen) og "Kess på Grini".

#### *Målgrupper*

Skuleklassar er høgt prioriterte og får gratis opplegg. Avdelinga ser det som særskilt viktig å

formidle historia til born og unge. Avdelinga var open i sommarsesongen for turistbesøk. Marknadsføring gjennom Visit Lillehammer har gjeve ei meir målretta marknadsføring, men det er laber interesse for å besøke utstillinga.

#### **Avdeling 8 Pilegrimssenter Dale-Gudbrand**

Pilegrimssenteret har eiga rapportering til RA/NPS, og ein syner difor til eigen årsrapport.

#### **Avd 9 Bygningsvernrådsgjevar**

Personlege møte og rapportar. Arbeidd saman med andre. Informasjonsmøte for eigarar i samarbeid med forvaltningsorgan som RA, OFK og andre. Det har vore eit aktivt år med mange synfaringar med påfølgjande rapportskriving i heile ansvarsområdet (9 kommunar).

#### **Avdeling 10 Norsk Fjellmuseum**

2014 har vore eit travelt år for Norsk Fjellmuseum. Gudbrandsdalsmusea har ei delkonsolidering med fjellmuseet der vi har ansvar for samlingar og formidling. Vi leverte frå oss "Kjortelen frå Lendbreen", det eldste klesplagg i landet til KHM i januar.

Filmen om dei arkeologiske fonnefunna vart revidert, og knytt tettare opp mot dei funna vi har i utstillinga.

Vi arbeider med ein rekonstruksjon av kjortelen og nokre andre arkeologiske funn for å bruke dei i formidlinga.

Fjellmuseet fekk i 2014 ei stor samling utstoppa dyr og fuglar som gåve. Desse dyra er integrert i ei utstilling vi har. Ho syner artar i sin naturlege biotop i forskjellige vekstsoner.

Dette er ei midlertidig utstilling som vi kjem til å vidareutvikle i nye utstillingsplanar. Utstillinga

har mest appell till yngre og folk av andre nasjonalitetar, slik ho er bygd opp nå.

Vi laga i tillegg ei utstilling med funn frå over 1000-års fiske ved eit fiskevatn som heiter Tesse. Det ligg i randsona til Jotunheimen nasjonalpark. Dette samarbeidde vi om med Norsk Maritimt museum, KHM og arkeologane som hadde ansvar for utgraving av steinalderbuplassar ved Tesse. Dette er og ei midlertidig utstilling, som vi vil fylgje opp med eit seminar våren 2015.

Som ein del av grunnlovsjubileet lånte vi inn utstillinga "Kvinner i fjellet og stemmerett", laga ved Noregs idrettshøgskule.

Den faste basisutstillinga om norske høgfjell var open heile året, saman med utstillinga "Ut av isen" med arkeologiske fonnefunn frå området, som vart laga i 2013.

Naturstigen «Rådyrtraket», som sto ferdig hausten 2013, vart vidareutvikla med stasjonar. I ei ny brosjyre oppfordra vi til forskjellige aktivitetar knytt til stasjonane. Dette er eit tilbod til skuleklassar, barnehagar og familiar i sommarsesongen. Vi fekk i tillegg produsert faktaark om dyra, spesielt tilpassa for skuleopplegg.

Norsk Fjellmuseum gjennomførte som vanleg skuleopplegg haust, vinter og vår: Barske Glæder med vekt på friluftsliv og naturmangfald for 5. klasse, steinalderopplegg for 2. klasse, bronsealdaropplegg for 3. klasse – knytt til bronsealdarfunna, jernalderopplegg for 4. klasse, og elles andre opplegg på bestilling.

I samband med lansering av boka "Utveggar til vatn" var det eit eige seminar i fjellmuseet med godt framsmøte frå heile Gudbrandsdalen.

Temamøte, kurs og møte i regi av fagmiljøet på huset er også ein del av drifta ved museet.

### **Regional arkeolog**

Regional arkeolog var involvert i utstillingsarbeid ved Jutulheimen og Lesja bygdemuseum, skuleformidling, og har arbeidd med fleire prosjekt knytt til Lesja bygdemuseum.

Arkeologen har og vore involvert i formidling av handverkstradisjonar ved Lesja bygdemuseum, ved å arrangere kurs i Oppstadvev i samarbeid med Lesja husflidslag og deltaking i aktivitetar for born i sommarsesongen.

Regional arkeolog deltok i planlegging og gjennomføring av born- og ungdomsarrangementet Natt på museet ved Lesja bygdemuseum. Målgrupper er lokalbefolkning og tilreisande, med særleg vekt på born og unge.

Arkeologen hadde ansvar for eigne postar på det store arrangementet for skuleungane i midtdalen på Dale-Gudbrand. Vi hadde 4 tilsette med slik at skuleungane fekk prøvegrave og fylle ut registreringskjema for funn.

### **Regional skuleformidling**

I 2014 har dei fleste skuleformidlingsopplegga vore rundt på dei ulike avdelingane. I tillegg er formidlingsleiar og arkeologen ved Gudbrandsdalsmusea fast involverte i Vikingdagane på Dale-Gudbrands Gard i september. Skuleungar frå 6. klasse i Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu er fordelt på to dagar. Vi frå GDM hadde ein del av opplegget, og det gjekk på arkeologi.

Det har vore samtalar med avdelingsleiar i Lom for å samkøyre enkelte ganske like undervisningsopplegg for å nå fleire skular.

Vågåmo skule og Lalm oppvekstsenter hadde eit opplegg om Jernalderen ved Tesse i juni 2014. Regional arkeolog og formidlingsleiar hadde opplegget. Dette var og i samarbeid med

arkeologane som dreiv feltarbeid ved Tesse i same tidsrom.

## **2.5 Inkludering og mangfald**

---

Som IA bedrift har vi handlingsplan for å sikre lik handsaming ved tilsettingar (kjønn, rase, religion og alder m.m.). I staben med fast tilsette har vi god fordeling menn/kvinner/alder. Vi møter alle med eit ope sinn.

### **Avdeling 1b Otta bergverksenter**

Otta bergverkssenter har eit tett samarbeid med Sel bibliotek, Avdeling Otta, kommunen og skuleverket i Sel, der møter vi mange ulike brukarar, medrekna dei mange flyktningane som er brukarar av biblioteket.

### **Avdeling 2. Lom Bygdamuseum og Lom Stavkyrkjesenter**

Lom Bygdamuseum har eit nært samarbeid med både Friviljugsentralen i Lom, Lom kommune og andre lag og organisasjonar om sommaraktivitetar og andre arrangement. Museet ligg i eit friluftsområde som er mykje brukt av lokalbefolkning, skule, barnehage og aldersheim. Vi prøver stadig ut nye metodar for å leggja til rette for auka involvering av desse gruppene i formidlinga.

Gjennom eit samarbeid om formidlingsopplegg med vaksenopplæringa i Lom og Skjåk har museet hatt ønskje å gjera museet til ein tverrkulturell møteplass. Muset har også tilbode gratis tilgang for dementgruppa i kommunen, som har nytta området som ein del av sitt opplegg.

### **Avdeling 3 Lesja bygdemuseum**

Lesja bygdemuseum har eit stort nettverk av friviljuge og samarbeidspartar som på ulike måtar er med i drifta av museet. Vi prøver gjennom året å inkludere ulike grupper av besøkande og friviljuge på tvers av kommunegrensar, alder, kjønn og religion.

Våre samarbeidspartar bidreg med eit breitt spekter av aktivitetar og kunnskap, noko som er med på å auke kvaliteten på formidlinga av kultur, immateriell kulturarv og natur i regionen.

### **Avdeling 4. Jutulheimen bygdamuseum**

Vi har hatt samarbeid med mange ulike lag og foreningar i 2014 som har medverka til god formidling av/og for ulike grupper. Det har vore viktig for oss å nå ut til grupper som vanlegvis ikkje har følt det naturleg å besøkje Jutulheimen.

Det gjeld særleg dei som held på med vaksen-opplæringa og norskopplæringa, samt dei med nedsett funksjonsevne (demente, psykisk utviklingshemma). Det er ønskjeleg at alle skal føle seg velkomne uansett kulturell bakgrunn, alder, interesser m.m. Det utfordrar oss til å auka involvering og tilrettelegging for enkelte brukargrupper i vårt tilbod.

### **Avdeling 5A Opplandsarkivet Skjåk**

Vi ynskjer å vere tilgjengelege for ulike grupper av innbyggjarar, både lokalt og utanfor vårt distrikt. Arkivet har avtale om språkpraksisplass for innvandrarar i kommunen. Dette har vi hatt stor glede og nytte av. Mange innvandrarar sit inne med personlege eigenskapar og mykje fagkunnskap, som vi kan dra nytte av. For tida er det ingen aktuelle

brukarar av dette tilbodet. Vi er og opne for praksisplass i samarbeid med NAV.

Arbeidet vårt tek sikte på å omfatte heile spekteret av arkivalia innan vårt lokalsamfunn. Sjølv om dette er vanskeleg, ligg intensjonane der. Arbeidet med å få inn dei mange tillegga i 2014 er eit uttrykk for dette.

#### **Avdeling 5C Opplandsarkivet i Vågå**

I det store arkivet etter Martinus Høgåsen kan vi dokumentere eit langt og allsidig liv. Arkivet til Ottadalen kommunale billag hadde eit kummerleg tilvere i ein nedstøva kjellar i Murgarden i Lom. No står arkivet i våre reolar. Med arkivet etter Leif Løchen på Valbjør, er vi i skjeringpunktet mellom dokumentarkivet og folkemusikkarkivet. Hans brevbyte med instrumentmakarar og spelmenn spenner over eit halvt hundreår og er innhaldsrikt og spennande. Det er stor spennvidde og rikt mangfald å finne i arkivboksane i kjellarmagasinet på Gammelbanken i Vågå!

#### **Avdeling 5D Folkemusikkarkivet for norddalen**

Med arkivet etter Leif Løchen fekk vi ei stor boksamling med interessant litteratur om europeisk musikkhistorie, og om instrument frå mellomalderen og fram til vår tid.

Vi hadde ein hyggekveld i Jutulheimen som viste tydeleg at folkemusikken og dansen byggjer bruer mellom generasjonane.

#### **Avdeling 6 Ringeby Stavkirkeutstilling**

Avdelinga har eit godt samarbeid med eigarstiftinga. Vi ynskjer å få til eit betre skuletilbod for utstillinga. I 2014 har og flyktningmottaket og vaksenopplæringa i Ringeby vore på besøk.

#### **Avdeling 7 Gudbrandsdal Krigsminnesamling**

Gudbrandsdal krigsminnesamling har eit godt samarbeid med eigarstiftinga. Det blir arbeid med å få til eit betre skuletilbod og å nå fleire. I 2014 har flyktningmottaket og vaksenopplæringa i Ringeby fått tilbod om besøk. Fleire friviljuge organisasjonar har besøkt/lagt møte til avdelinga med tilhøyrande omvising. Avdelinga har bidrege til fleire bøker med stoff og bilete, både nasjonalt og internasjonalt. Lokala har universell tilpassing.

#### **Avdeling 8 Pilegrimssenter Dale-Gudbrand**

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand har hatt fleire turar for born og unge, samt vitja Ringeby Flyktningmottak, og lagt opp og gjennomført fleire vandringar med ulike brukargrupper. Senterleiaren var i 2014 vandringsleiari for ei gruppe frå vaksenopplæringa i Ringeby med menneske frå mange ulike nasjonar. Ein syner og til årsrapport frå Pilegrimssenter Dale-Gudbrand.

Vi har eit eige heilag rom der pilegrimar og besøkande kan ha ei stille stund.

#### **Avdeling 10 Norsk Fjellmuseum**

Vi har betra informasjonsarbeidet vårt med ny heimeside, [www.fjell.museum.no](http://www.fjell.museum.no). Ho er betre tilrettelagt for brukarane enn den førre.

Norsk Fjellmuseum har stadig førespurnad om å presentera drift og utvikling for fleire interessantar. Det er alt frå bedrifter, reiselivsorganisasjonar, organisasjonar som er interessert i korleis vi driftar og utviklar senteret, museet og klimaparken. Det er særleg kombinasjonen av desse tre dei er interessert i.

## **2.6 Diskriminering og universell utforming**

Gudbrandsdalsmusea er IA-bedrift, og har handlingsplan for tilrettelegging ved behov, og der det er mogeleg for arbeidsplassar, dermed og for publikum.

#### **Marknadsføring**

Den nye heimesida var lansert før krav om universell utforming trådde i kraft. Men sida har ei stamme som gjer det mogleg å få tilpassa henne for å nærme seg krava knytt til universell utforming.

#### **Avdeling 1b Otta bergverksenter**

Er lokalisert saman med Sel bibliotek, Avdeling Otta. Lokala ligg i 2. høgda i Johan Nygårdsgate 17a. Utstillinga har universell utforming ved trapp og heis. Kontoret for industriregistrator er universelt utforma.

